

# Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr  
2018892Oppdragsnr  
2018033

Matrikkeletat				
Kommune	K.nr	Adresse	Postnr	Poststad
Meland kommune	1256	PB. 79	5906	Frekhaug

Matrikkeleining					
Gateadresse	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Registrert eigar/festar
Skurtveitvegen 8	47	10	0	0	Ommedal Øyvind (Hjemmelshaver)
Skurtveitvegen 8	47	10	0	0	Strømmen Karin (Hjemmelshaver)

## Om oppmålingsforretninga

Forretninga avvikla:	Dato	Kl	Stad
	21.08.2018	09.30	På parsellen

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining

Grunneigedom     Festegrund     Anleggseigedom     Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn

Grensejustering     Klarlegging av eksisterande grense     Nymerking av eksisterande grense     Registrering av ureg. jordsameige     Matrikulering av umatrikulert grunn

Arealoverføring     Anna

Forklaring  
Arealoverføring av omlag 1200 m2 frå 47/10 til 47/49.

Saks-behandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering
	10.07.2018		

Rekvirent  
Ommedal Øyvind  
Strømmen Karin

Rekvisisjonsdato

## Habilitet

Landmålaren sitt namn  
Per Atle Sæle

Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.

Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga?     Nei     Ja (jfr. vedlegg)

## Varsling og oppmøte

Varsel om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt fram møte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

## Saksdokument - bakgrunn for forretninga

	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Søknad etter pbl				X
Vedtak (tillatelse) etter pbl				X
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				X
Varsel om oppmålingsforretning				X
Situasjonskart og situasjonsplan				X
Konsesjonsdokument				X
Servitutt				X
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				X
Avtaler				X

**Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.**

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
49-1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
49-2	Umerket Nedsatt i:				
49-3	Umerket Nedsatt i:				
49-4	Umerket Nedsatt i:				
49-5	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
49-6	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
49-7	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Eksist. grense nedsatt på nytt			
49-8	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Eksist. grense nedsatt på nytt			
78H	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Eksist. grense nedsatt på nytt			
49F	Gjerdestolpe Nedsatt i:	Gjenfunnet			
49E	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet			
49D	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet			
49C	Umerket Nedsatt i:				
49B	Umerket Nedsatt i:				

## Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Meland kommune har 10.07.2018 godkjent arealoverføring av omlag 1,2 da frå gnr 47 bnr 10 til gnr 47 bnr 49, administrativt vedtak saknr: 166/2018.

Oppmålingsforretning vart halde 21.08.2018. Ved forretninga møtte Kjartan Johannessen for 47/49. Han møtte også med fullmakt frå eigar av 47/10. Erik Madsen møtte for 47/67 og Bjarnar Nielsen møtte for 47/46, 54 og 62. Eigarar av 47/78 var også varsla, men møtte ikkje. Grensene for 47/78 er tidlegare klarlagt og oppmålt på kart- og delingsforretning.

I forkant av forretninga hadde kommunen stukke ut eksisterande grense mellom 47/10 og 47/67 slik grensa ligg i matrikkelkartet. Utifrå skyldskifte for 47/67 skal grensa gå omlag 9 m lenger mot sør-aust enn grensa viser i kartet. Erik Madsen hadde på bakgrunn av utstikkinga og skylddelingsmål for 47/67 gravd fram to gamle krossar i fjell, grensepunkt 49-7 og grensepunkt 49-8.

Grensa mellom 47/10, 47/62 og 47/78 vart påvist med kross i fjell, grensepunkt 78H. Partane ønskte at det vart sett ned godkjente grensemerker i desse tre krossane. Gjerdestolpe ved steingard, grensepunkt 49F, vart også påvist i grensa mellom 47/10, 47/49 og 47/78.

Grensa mellom 47/10 og 47/67 vart rekonstruert på strekninga som 47/10 skal overføra til 47/49 ved arealoverføring. Det vart sett ned to nye grensemerker i fjell, grensepunkt 49-5 og 49-6. I tillegg er 49-4 umerka grense i vegkant 3,5m sørvest for grensepunkt 49-5 i forlenginga av linja 49-6, 49-5.

Ny grense mellom 47/10 og 47/49 vart definert langs nordre vegkant som går fram til 47/67 frå umerka grensepunkt 49B i rette linjer via grensepunkt 49-1 (godkjent merke i fjell), grensepunkt 49-2 (umerka) , grensepunkt 49-3 (umerka) og fram til grensepunkt 49-4 (umerka) i grensa mot 47/67.

Erik Madsen opplyste at grensa mellom 47/10 og 47/67 på sørsida av tilkomstvegen til 47/67 låg feil i kartet. Det vart oppfordra til at partane drøftar dette i etterkant og eventuelt rekvirerer oppmålingsforretning med klarlegging av grensene eller ber om retting.

Bjarnar Nielsen opplyste at han har nytta ein sti over arealet som skal overførast til 47/49 som tilkomst til naustet han har i Mjølkevika. På skyldskiftet for 47/54 står det at "Til nausttomten har parsellen rett å nytta hovedbruket sin sjøveg". I tillegg meiner Nielsen at han har hevd på stien, sidan han har brukt den i meir enn 50 år.

Arealet som skal overførast frå 47/10 til 47/49 er oppmålt og utrekna til 1070 m<sup>2</sup>. Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og tilfredsstillende krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandard. Det er berre grensepunkt 47-1 til og med 47-8 som er nymålt ved denne forretninga. Tidlegare målte koordinatverdiar i grensa mot 47/49 og 47/78 er uendra.

Kommunen har retta opp grensene mellom 47/10, 47/67 og 47/62 i matrikkelkartet på strekninga som skal grensa til 47/49 etter arealoverføringa.

Før kommunen kan matrikkelføra grensa mellom 47/10 og 47/49 og senda melding til tinglysing, må arealet som skal overførast vera heftefritt. Eigarar av 47/10 må difor ordna med pantefråfall av 1070 m<sup>2</sup> som skal overførast til 47/49.

Når arealoverføringa er tinglyst, skriv kommunen ut nytt matrikkelbrev for 47/49 som vert sendt eigar. Forenkla matrikkelbrev vert sendt naboar.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Sted

Frekhaug

Dato

22.08.2018

Underskrift



<b>Vedlegg</b> (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)				
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningsdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
	Kartvedlegg til protokoll			